



Arkivnr: 2014/17766-10
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.09.2017

Stiftelsen Gasskonferansen i Bergen - oppløysing

Samandrag

Hordaland fylkeskommune var med å stifta Gasskonferansen i Bergen som hadde som føremål å arbeide for informasjon og kunnskap om bruk av naturgass. Stiftinga vart oppretta i 1995.

Det er no forslag om å oppløyse stiftinga og vidareføre arbeidet i organisasjonen Norsk Gassforum. Eigenkapitalen på kr 284 835 er foreslått overført dit. Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet godkjenner oppløysinga.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at Stiftelsen Gasskonferansen i Bergen vert oppløyst.
2. Fylkesutvalet godkjenner at stiftinga sin eigenkapital vert overført organisasjonen Norsk Gassforum.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.08.2017**Bakgrunn**

Stiftelsen Gasskonferansen i Bergen er foreslått oppløyst. Stiftinga vart oppretta i 1995 og var ei vidareføring av Trollutvalet sitt arbeid. Bakgrunn var ynskje om å få i gang verdiskaping av gassførekomstane som skulle ilandførast i regionen.

Fyrste gasskonferanse vart skipa i 1994 og sidan har det vore halde 20 konferansar fram til 2013. I 2013 gjekk ein i samarbeid med organisasjonen Gassarena som også arrangerte konferanse om same tema. Frå 2013 har «Den Norske Gasskonferansen» vore arrangert.

Etter at «Den Norske Gasskonferansen» starta opp i 2013 har det vore liten aktivitet i Stiftelsen Gasskonferansen i Bergen. Det er difor forslag om å oppløyse stiftinga.

Det vert foreslått at stiftinga sine oppgåver og eigenkapital vert overført til Norsk Gassforum. Norsk Gassforum er eit samarbeidsorgan av fylkeskommunar med føremål å fremje bruk av naturgass, biogass og hydrogen for verdiskaping og betre klima og miljø regionalt, nasjonalt og internasjonalt. 11 fylkeskommunar er medlemmer i Norsk Gassforum, mellom desse Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til forslaget om å oppløyse Stiftelsen Gasskonferansen i Bergen og viser til at stiftinga har hatt liten aktivitet dei siste åra. Fylkesrådmannen har heller ikkje merknader til at stiftinga sin eigenkapital på kr 284 835 (pr. 1. januar 2017) vert overført til organisasjonen Norsk Gassforum. Fylkesrådmannen legg til grunn at oppløysingskostnadene vert dekkja av stiftinga sin eigenkapital.